

Alver Kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referansar:  
Dykkar: Kjartan Medaas  
Vår: 23/4348 - 23/49533

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:  
21.06.2023

## Korrigert Jordlovsvedtak gbnr. 320/2

Administrativt vedtak: Saknr:

### VEDTAK:

Med heimel i forvaltningslova § 35, pkt. c opphevar Alver kommune sitt vedtak av 13.06.2023 som gjaldt fradeling av areal på gnr. 320, bnr. 2.

### Nytt vedtak vert som fylgjer:

Med heimel i jordlova § 12 gjev Alver kommune løyve til deling av areal slik det er søkt om og som gjeld om lag 140m<sup>2</sup>.

### Vilkår:

Dette arealet skal leggjast til gnr. 320, bnr. 23.

### Saka gjeld

13.06.23 gjorde Alver kommune, landbruk vedtak i saka. Det syner seg at kartet som vart lagt ved søknaden (sjå fig. 1 neste side) ved ein inkurie vart tolka feil. «Retting av feil» på kartet vart tolka slik at dette arealet skulle leggjast til eller avståast bnr. 2. Det rette er at dette gjaldt retting av eksisterande grenser. Det har såleis ikkje noko med jordlovsaka å gjere.

Saka gjeld berre arealet som er merka «grensejusteres» i fig. 1.

Alver kommune seier seg lei for feilen.




Fig. 1. til venstre. Situasjonsplan vedlagt søknad.

Fig. 2. under. Vi ser at delar av innkøyrsla til bnr. 23 i dag ligg på bnr. 2.



#### **VURDERING:**

Arealet fungerer i dag som oppkøyrsla til bnr. 23. Det høyrer såleis naturleg til denne eigedomen og har ikkje innverknad på landbruksinteressene til bnr. 2. Vi kan såleis ikkje sjå at denne arealoverføringa ikkje kan gjennomførast etter jordlova § 12. Dette sjølv om vi i den tidlegare vurderinga la vekt på at det er positivt at skogareal, som altså ikkje har noko med saka å gjere, skulle leggjast til bnr. 23.

Utover dette gjeld det som kjem fram i saksutgreiinga av 13.06.2023.

Det vert ikkje sendt nytt handsamingsgebyr for dette.

## Regelverk

- Jordlova
- Forvaltningslova

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «23/2348»

Med venleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Mottakarar:

Alver Kommune  
Leif Odd Grønhaug  
Sigmund Kjell Grønhaug

Postboks 4  
Dalemarka 17  
Dalemarka 9a

5906 FREKHAUG  
5918 Frekhaug  
5918 Frekhaug